

Nyhetsbrev august, Gode Sirklar

Gode Sirklar si årsmelding - aktivitet og resultat i 2009

Store prosjekt, resultat og aktivitetar som er omtala i årsmeldinga, er

Kysteventyret - regionen blei i 2009 etablert som eigen reiselivsdestinasjon, med nettside, felles marknadsføring og samhandlingsaktivitetar

PIN, som har halde eit høgt aktivitetsnivå i dei tre kommunane. Guideservice, Gjerdet gard, Luftskipet og Kaisess er alle delprosjekt i PIN, som går vidare med ambisjonar om å skape berekraftige og sjølvstendige tilbod.

Bølgjekrefter, som er Gode Sirklar sitt program for å møte konjunktursvingningar. Her er sett i verk kortsiktige tiltak, og meisla ut ein langsiktig strategi for auka satsing på kompetansesamarbeid, og 'grøn industri'.

Praksisnær undervisning, der det både er glitrande døme på gode læringsprogram, og ei utfordring i å etablere regionen si utdanningsatsing som praksis i heile skuleløpet.

Etablerartenesta, som er regionen si førstelineteneste for nyskapingar i næringslivet. To unge tømrrarar fortel historia om sitt rasktveksande firma.

Marin satsing; Sotra Marine Industrinettverk blei etablert i 2009, og arbeider no med samhandling, kompetanse og innovasjon.

I 2009 la Agderforskning fram evalueringsrapporten om Gode Sirklar.

Dagleg leiar omtalar rapporten, og selskapet sin visjon, i årsmeldinga. Selskapet vil halde fast ved verdiane sine, og bygge på dei gode resultata som er oppnådde - men tar òg utfordringane Agderforskning har peika på, på alvor.

Åsmeldinga ligg ved som ein pdf-fil. Papirutgåva kan ein få ved å vende seg til Gode Sirklar.

Vestlandforteljingar - ekte formidling på unike stader, 7 dagar i veka frå 1.august til 18.september.

'Vestlandshistoria på 7 dagar' skriv Hordaland fylkeskommune på si heimeside, etter å ha prøvd Vestlandforteljingar - eit fantastisk konsept der du kvar dag kan møte på ein ny stad, oppleve kultur, historie og natur gjennom formidling av staden og dagen si forteljing.

Programmet er slik:

Måndagar klokka 14: Adnestova - heimen til fiskarbonden. Sæle i Øygarden.

Tysdagar klokka 13 – Selstøbuene - frå rorbu til hytteparadis. Nordsjøfartsmuseet i Telavåg

Onsdagar klokka 15.45 - Hernar - ein utpost i Nordsjøen. Start på rutebåtkaien på Hellesøy

Torsdagar klokka 12 - Ovågen - tett på vågen. Kystmuseet i Øygarden

Fredagar klokka 18.30 – Cornelius - sjømatopplevingar på Holmen. Frammøte i Bergen eller på Holmen

Laurdagar klokka 16 - Glesvær - eit sildeeventyr, Handelstaden på Glesvær.

Søndagar klokka 14 – Russarfangane - krigsfangar til festningsarbeid. Gjerdet kulturminnegard.

Tidspunkta er tilpassa rutebuss. Om ikkje anna er nemnd kostar det 70 kroner å vere med på ei forteljing, born går gratis. Påmelding er naudsynt til fredagsforteljinga på Cornelius, elles er det berre å møte fram i god tid. Meir informasjon på nettstaden til museumvest: www.museumvest.no, eller www.kysteventyret.no



Sentrumsdialog i Rong

28.august blir det invitert til open diskusjon og dialog rundt satsinga om vidare sentrumsutvikling i Rong. Møte blir halde på Rong senter. Dette er eit samarbeid mellom Øygarden kommune, Rambøll og Gode Sirklar. Sentrumsdialogen skal invitera og inspirera til brei deltaking blant innbyggjarar i heile Øygarden, om korleis deira møtestad og sentrum på Rong skal utvikla seg. Dette prosjektet er eit ledd i arbeidet med ny kommunedelplan. Meir informasjon om arrangementet vil koma i Vestnytt i forkant av arrangementet.

Sotrakonferansen 2.september .

Samspel mellom byen og regionen - korleis gjera kvarandre betre - er tema for årets Sotrakonferanse. Innbyding og detaljar om konferansen kjem i eigne sendingar.